

Referat

## Møte i Kraftutvalet 8.1.2010

Stad: Kommunehuset på Dalen

Frammøtte: Olav Bjørn Bakken, Therese Hauger, Arne Vinje, Kjetil Fulsås, Thor Arne Heggtveit, Tor Strømme, Olav Urbø, Aslak Ofte, Hans Kristian Lehmann

### Sak 01/2010 Referat frå møtet 19.11.2009

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Arne Vinje varsla ei sak om særavtalekraft under eventuelt.

Ein del tilhøve som er særleg nemnt i referatet er følgd opp:

Spørsmål om dekning av utgifter i revisjonssaka vil bli kommentert til utkast til revisjonsrettleiar, som vil bli behandla på neste møte.

Krav til hydrologiske grunnlagsdata vil bli drøfta i møte med NVE og Statkraft 2.2.2010.

Ein enkel rapport frå overvakingsprogrammet, til kostnad ca 10 000 vil bli lagt fram på møtet i Arbeidsgruppa 21.1.2010.

Morten Kråbøl vil bli invitert av Statkraft til møtet i Arbeidsgruppa.

Arild Hovden er kontakta om ordlyden i regulerings skjønnet for vegane i Botnedalen. Anleggsvegen skal vera open for ålmenta, men vedlikehaldet skal i følgje Hovden skje etter regulanten sitt behov. Så lenge vegen er open reknar ein med at eigaren (Statkraft) har eit ansvar om det skulle skje noko uhell som kan skuldast standarden på vegen. Jordskiftet på vegane er utsett i 2 år i vente på revisjonssaka.

LVK vil på eit generelt grunnlag rå kommunane til å vera atterhaldne med å gå inn på evigvarande avtalar. Medlemene av utvalet meiner Særavtala kan sjåast som ei sjølvstendig avtale som er meint som ei erstatning for medeigarskap i kraftverka. Avtala kan takast opp utanom vilkårsrevisjonen. Utvalet meinte det er ein fordel med evigvarande avtalar så lenge dei økonomiske vilkåra i avtala er som nå. Elles er det i avtala sagt klart at ein kan rekne med å få forlenga avtala utover avtaleperioden, som gjeld til 31.12.2016.

Spørsmålet om justering av konsesjonsavgiftene er diskutert med rådmann i Tinn Rune Lødøen, som meiner ein på grunnlag av særlege omstende med omgjering av konsesjonen i 2002 også kan argumentere for å få justert konsesjonsavgiftene til maksimal sats.

Referatet blei godkjent utan endringar.

### Sak 02/2010 Krav i revisjonssaka, versjon 19.11.2009

**Avdelingskontor Evje**  
Sentrumsbygget  
4735 Evje  
Telefon: 37 93 23 50  
Telefax: 37 93 23 59

**Hovedkontor Fyresdal**  
Fyresdal Næringshage  
3870 Fyresdal  
Telefon: 35 06 77 00  
Telefax: 35 06 77 09  
E-post: post@fnat.no  
Bankgiro: 2801.08.26952  
Org nr: 984 731 604

**Internett: [www.fnat.no](http://www.fnat.no)**

**Avdelingskontor Skien**  
Ole Cudriosgt. 25  
Postboks 116 Sentrum  
3701 Skien  
Telefon: 976 72 619  
Telefax: 35 58 82 01



Det var ein del kommentarar på redigering av dokumentet, og på kven dokumentet skal vera mynta på. Eit avsnitt om utbygginga i historisk perspektiv blei etterlyst. Det må særleg arbeidast med argumentasjonen bak økonomiske krav. Slike krav kjem i andre rekke i høve til miljøkrav, men er aktuelle der miljøkrav av ulike grunnar ikkje kan imøtekomast. Det blei elles vist til referat frå møte med Terje Riis-Johansen 2.12.2009, som blei utdelt.

Olav Urbø arbeider med eit notat på friluftsliv og reiseliv, som var lite kommentert i stortingsproposisjonane for utbygginga. Andre merknader er innarbeidd i kravdokumentet, som blir lagt ved referatet.

Det blei vedteke å setje ned ein redaksjonskomité med Arne Vinje, Therese Hauger, Olav Bjørn Bakken og Helge Kiland. Therese Hauger innkallar til fyrste møtet i redaksjonskomiteen.

### **Sak 03/2010 Oppsummering av revisjonskrav**

Oppsummeringa er laga etter spørsmål frå Statkraft, som treng det som grunnlag for sitt revisjonsdokument. Utvalet hadde ingen merknader utover ønske om å ha med bade plass ved Sandnes i Vinjevattn (8.3) og rydding av ålaupet frå Åmot til Dalen (13.2). Dokumentet vert utstyrt med kommunale logoar.

### **Sak 04/2010 Uttak av særavtalekraft**

Prognosar over kraftforbruket i Vinje viser ein markert auke. Vinje kommune ønskjer større uttak av særavtalekraft, men krafta er alt disponert av konsesjonskraftstyret. Kommunen vil derfor krevje at konsesjonskraftstyret dekker kommunens meirutgifter ved å hente inn konsesjonskraft på spotmarknaden. Det blei også stilt spørsmål om Tokke og Vinje sin kvote kan sjåast under eitt, og om Vinje kan disponere den krafta som Tokke kommune ikkje brukar. Kommunane vil etterlyse ei avklaring frå konsesjonsstyret om desse spørsmåla.

### **Sak 05/2010 Møteplan**

Olav Bjørn Bakken, Arne Vinje og Helge Kiland representerer Kraftutvalet på møte i NVE, Oslo 2. februar.

Neste møte i Kraftutvalet vil vera i Vinje fredag 5. mars kl. 09.00 og på Dalen onsdag 12. mai kl. 09.00. På møtet i Vinje vil utvalet behandle framlegget til nye retningsliner for revisjonssaker. Kravdokumentet i revisjonssaka vil vera sak for begge møta, med sikte på å legge fram saka for kommunestyra før sommarferien.



Helge Kiland

#### Vedlegg:

Konsesjonskrav revidert 8.1.2010 og oppsummering av krav revidert 8.1.2010.

